

Tilskotsordning for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for asylsøkarar i mottak 2021

1. Innleiing

Rundskrivet er utarbeidd av Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) og er basert på retningslinjer fastsette av Kunnskapsdepartementet 15.12.2020, i samsvar med § 8 i Reglement for økonomistyring i staten og kapittel 6 i Bestemmelser om statlig økonomistyring.

Tilskotsordninga er endra som følge av ny integreringslov¹. Opplæring i norsk kultur og norske verdiar for asylsøkarar (kulturtilskot) er innlemma i opplæring i samfunnskunnskap. Endringa trer i kraft 1. august 2021, i samsvar med ny læreplan².

Til endringa trer i kraft (01.01.21–31.07.21), vil tilskotsordninga bestå av

- tilskot til opplæring i norsk
- tilskot til opplæring i norsk kultur og norske verdiar for asylsøkarar i mottak

Etter at endringa har tredd i kraft (01.08.21), vil tilskotsordninga bestå av

- tilskot til opplæring i norsk
- tilskot til opplæring i samfunnskunnskap for asylsøkarar i mottak

Dette rundskrivet erstattar det tidlegare rundskrivet for tilskotsordninga, Tilskot for opplæring i norsk og norsk kultur og norske verdiar for asylsøkarar i mottak.

IMDi har ansvar for å forvalte tilskotsordninga. Det inneber ansvar for å kunngjere ordninga, utbetale tilskot, krevje inn feil utbetalt tilskot, utarbeide tilskotsbrev og evaluere tilskotsordninga.

2. Mål og målgruppe for tilskotsordninga

Tilskota skal bidra til at vertskommunar for mottak gjennomfører opplæring i norsk og samfunnskunnskap for asylsøkarar i mottak, slik at asylsøkarane raskt får kjennskap til norsk språk, kultur og samfunnsliv.³

Målet for ordninga vil for 2021 vere todelt på grunn av endringar i ordninga som følge av ny lov.

2.1. Asylsøkarar inn i målgruppa i perioden 01.01.2021–31.07.2021

Målet med tilskotsordninga er at asylsøkarar skal kunne oppfylle plikta til å delta i inntil 175 timar opplæring i norsk og 50 timar opplæring i norsk kultur og norske verdiar i mottak.⁴

¹ Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringslova).

² Les meir om ny læreplan på Kompetanse Norge.

³ Jf. integreringslova § 5.

⁴ Jf. forskrift til integreringslova (integreringsforskrifta) §§ 1 og 2.

2.2. Asylsøkarar inn i målgruppa frå 01.08.2021

Målet med tilskotsordninga er at asylsøkarar skal kunne oppfylle plikta til å delta i inntil 175 timar opplæring i norsk og 25 timar i samfunnskunnskap i mottak.

2.3. Tilskotsmottakarar

Tilskotssmottakarane er vertskommunar for mottak. Med «mottak» meiner vi her ordinære mottak, integreringsmottak eller alternativ mottaksplassering (tilpassa butilbod etter avtale med Utlendingsdirektoratet). Ankomstsenter og transittmottak er ikkje rekna som «mottak» i denne samanhengen.⁵

2.4. Målgruppe for tilskotet

Asylsøkarar som bur i mottak, og som er over 18 år, har plikt til å delta i opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Plikta gjeld ikkje dersom asylsøkararen

- får søknaden sin behandla etter hurtigprosedyrar i Utlendingsdirektoratet
- blir nekta å få asylsøknaden realitetsbehandla etter utlendingslova § 32
- bur på ankomstsenter eller i transittmottak
- har fått avslag frå Utlendingsdirektoratet på søknad om vern

3. Kriterium for måloppnåing

Asylsøkarar som har plikt til å delta i norskopplæring og opplæring i norsk kultur og norske verdiar i mottak til og med 31.07.2021, gjennomfører opplæringa på inntil 175 timar i norsk og 50 timar i norsk kultur og norske verdiar.

Asylsøkarar som har plikt til å delta i opplæring i norsk og samfunnskunnskap frå 01.08.2021, gjennomfører opplæringa på inntil 175 timar norsk og 25 timar samfunnskunnskap.

Asylsøkarar kan få fritak frå opplæring i spesielle tilfelle:

- Asylsøkararen kan få fritak ved særlege helsemessige eller andre tungtvegande årsaker.⁶
- Dersom asylsøkararen går i grunnskole eller vidaregåande opplæring etter opplæringslova, kan kommunen etter søknad fritta asylsøkararen frå plikta til å delta i norskopplæringa.⁷

4. Tildelingskriterium, mellom anna berekningsreglar

4.1. Vilkår for å få støtte

Basert på data i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) blir tilskotet utbetalt automatisk til tilskotsmottakarane.

Dersom ein tilskotsmottakar meiner å ha krav på tilskot som ikkje er utbetalt, kan vedkommande melde frå til IMDi via Kontaktsenter for IMDinett.

4.2. Berekningsreglar

Inngangen til målgruppa er ved registrering i mottak. Tilskotet blir utbetalt éin gong per asylsøkar i målgruppa.

Frå 1. august 2021 inngår opplæringa i norsk kultur og norske verdiar i opplæringa i samfunnskunnskap. Det gjer at det blir eit skilje for asylsøkarar som kjem inn i målgruppa frå og med 1. august 2021.

⁵ Jf. integreringslova § 5 første ledd andre punktum bokstav c.

⁶ Jf. integreringsforskrifta § 1 andre ledd og § 2 andre ledd.

⁷ Jf. integreringsforskrifta § 1 tredje ledd.

4.2.1. Utbetaling av tilskot

For personar som kjem inn i målgruppa i 2021, blir tilskotet utbetalt tidlegast i kvartalet etter at dei kom inn i målgruppa.

Satsen for tilskot for opplæring i norsk er 14 700 kroner.

Satsen for tilskot til opplæring i norsk kultur og norske verdiar er 4 000 kroner.

Satsen for tilskot til opplæring i samfunnskunnskap er 2 000 kroner.

På grunn av omlegging av tilskotsordninga og IMDinett som følge av ny lov blir utbetalingsdatoane endra for 2021.

Tabellen under viser utbetalingane av tilskot i 2021:

UTBETALING AV TILSKOT FOR 2021:

Planlagd utbetaling	Utbetalinga gjeld
Veke 35	Nye personar i målgruppa 1.1.–31.3.2021
Veke 37	Nye personar i målgruppa 1.4–30.6.2021
Veke 46	Nye personar i målgruppa 1.7–30.9.2021
Veke 7, 2022	Nye personar i målgruppa 1.10–31.12.2021

Etter utbetaling av tilskot sender IMDi tilskotsbrev til det elektroniske postmottaket til kommunen. Kommunen kan også sjå detaljerte opplysningar om utbetalt tilskot i IMDinett.

4.2.2. Deling av tilskot mellom kommunar ved flytting

Dersom ein person som er i målgruppa for eit tilskot, flyttar til eit mottak i ein annan kommune i tilskotsåret, vil tilskotet automatisk bli delt likt mellom frå- og tilflyttingskommunen. Denne delinga skjer berre éin gong.

5. Oppfølging og kontroll

Opplysningar som er nødvendige for å gjennomføre, følge opp og evaluere tilskotsordninga for opplæring til asylsøkarar i mottak, skal registrerast av kommunen i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR).⁸ I den tilhøyrande forskrifta er det fastsett kva for opplysningar kommunen skal registrere. Kommunen skal registrere desse opplysningane innan to månader.

Kommunane skal ikkje legge fram ein særskild rekneskap for tilskot til opplæring i norsk og samfunnsfag for asylsøkarar i mottak. Dersom kommunen gjennomfører opplæringa til ein lågare kostnad enn det tilskotet dei har mottatt, kan kommunane behalde tilskotet.

IMDi og Riksrevisjonen kan kontrollere at midlane blir brukte etter føresetnadane.⁹

6. Feilaktige utbetalingar

Dersom ein kommune har fått utbetalt for mykje i tilskot, kan IMDi krevje tilbakebetalt det overskytande beløpet i tråd med ulovfesta reglar om *condictio indebiti*. IMDi har rett til å motrekne det overskytande beløpet med nye utbetalingar av tilskot til kommunen.

7. Klagereglar

Tildeling av tilskot og krav om tilbakebetaling av tilskot som omtalt i dette rundskrivet, er vedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a. Desse vedtaka er ikkje det same som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. Tilskotsmottakaren har derfor ikkje klagerett verken på tildeling

⁸ Jf. integreringslova § 43.

⁹ Jf. løyvingreglementet § 10 andre ledd og riksrevisjonslova § 12 tredje ledd.

eller krav om tilbakebetaling av tilskot etter forvaltningslova § 28, jf. § 3 første ledd. Elles gjeld saksbehandlingsreglane i forvaltningslova.

8. Foreldingsfrist

Når eit tilskotskrav er forelda, taper kommunen retten til å krevje tilskotet utbetalt.¹⁰ Den alminnelege foreldingsfristen er tre år rekna frå det tidspunktet kommunen tidlegast har rett til å krevje å få tilskotet utbetalt.¹¹

Dersom IMDi har eit forelda tilbakebetalingskrav mot kommunen, vil det forelda kravet kunne motreknast med nye utbetalingar.¹²

9. Kontakt IMDi

Spørsmål skal meldast til IMDi i supportsystemet Kontaktsenter for IMDinett.

¹⁰ Jf. foreldingslova § 24.

¹¹ Jf. foreldingslova § 2 og § 3 nr. 1.

¹² Jf. foreldingslova § 26 bokstav b.